

Frå: Anne Lise Molvik
Send: tirsdag 1. mars 2022 13:04
Til: Inger Karin Grasbakken
Kopi: Kåre Romarheim
Emne: Søknad om mellombels bruksløyve for bustad 3 - gbnr 195/253 (tidlegare 195/235)

Til Hedalm Anebyhus ved Inger Karin Grasbakken

Eg viser til søknad om mellombels bruksløyve for bustad 3 på gbnr 195/253 (tidlegare gbnr 195/235) Leiknes.

Du skriv i søknaden at mellombels bruksløyve gjeld delar av tiltaket spesifisert til bustaden og at resterande del av tiltaket som det ikkje vert søkt om mellombels bruksløyve for gjeld rekkefølgekrav.

Eg har prøvd å ringa deg utan å ha fått svar. Har derfor vore i kontakt med tiltakshavar ved Kåre Romarheim. Eg forstår på han at aktuelle rekkefølgekrav knytt til utbygging av BSF7 er innfridd, men at utanomhusareal knytt til bustad 3 ikkje er ferdig.

Ved behandling av tidlegare søknadar om mellombels bruksløyve for bygg i BSF7 er det lagt til grunn at rekkefølgekrava er oppfylt. Det er også gitt mellombels bruksløyve for teknisk infrastruktur som er godkjend etablert i sak 18/2886. Kommunen kan leggja tilbakemeldinga frå tiltakshavar til grunn for behandlinga av søknaden, men vil gjerne ha tilbakemelding frå ansvarleg søkjar på dette før vedtak vert fatta.

Vennleg helsing

Anne Lise Molvik | Rådgjevar byggesak

Telefon: 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no



ALVER
KOMMUNE